

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet har ingen vesentlege merknader til forslag til statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal og transportplanlegging. Dei er i samsvar med regional politikk på området.
2. Fylkesutvalet tilrår at bustad vert teke ut av tittelen på retningslinene. Det er den totale arealbruken som til slutt er avgjerande for kor stort transportbehovet vert, og all arealbruk og utbygging må verte samordna både geografisk og i tid med utvikling av transportsystemet. Det er difor lite hensiktsmessig å trekkje fram ein type arealbruk framfor ein annan.
3. Fylkesutvalet finn det positivt at retningslinene legg stor vekt på regional planlegging og at fylkeskommunane vert sett på som sentrale pådrivararar for regional samhandling.